

**SAKSFRAMLEGG**

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	Arkivkode: FA-Q15
Arkivsaksnr: 19/1009	Løpenr: 19/8903
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	05.12.2019	075/2019

**Overføring av private vegar til kommunalt driftsansvar
Totrænavegen til skianlegget og Ytre-Tyssevegen til Tysse skytebane****05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Monica Tjønna (Sp) sette fram følgjande utsetjingsframlegg

"Saka vert utsett i påvente av ei vurdering der Samnanger kommune og Samnanger idrettslag v/skigruppa ser på ei deling og lagar ein avtale der kommunen tek ein del av utgiftene og idrettslaget ein del."

Det vart gjennomført røysting om utsetjingsframlegget til Monica Tjønna. 3 medlemmer røysta for framlegget og 18 røysta imot.

For	Imot
Monica Tjønna (Sp)	Knut Harald Frøland (Bl)
Øyvind Røen (Sp)	Lena Tveit (Bl)
Gunn Totland Moss (KrF)	Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)
	Martin Haugen (Bl)
	Solveig Vassenden (Bl)
	Ove Totland (Bl)
	Øyvind Steinsland (Bl)
	Oskar Konrad Kienitz (Bl)
	Brigt Olav Gåsdal (A)
	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
	Gunn Østvik Petersen (Ap)
	Jon Magne Bøgevik (Ap)
	Linda Haug Kollbotn (Frp)
	Odd Arne Haga (Frp)
	Håvard Tvedterås (Frp)
	Arild Røen (H)
	Øyvind Strømmen (MDG)
	Oskar Røen (MDG)

Arild Røen (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

"Samnanger kommune vurderer kommunalisering av vegen til Totræna og innarbeider dette i budsjett for 2021."

Øyvind Strømmen (MDG) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet orienterte Arild Røen om at han trekte det første framlegget sitt, og om at han i staden sette fram følgjande framlegg:

"Samnanger kommune vurderer å overta vintervedlikehold av vegen til Totræna vinterpark og innarbeider dette i budsjett for 2021."

Knut Harald Frøland (Bl) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

"Samnanger kommune tek ikkje over driftsansvaret for Totrænavegen opp i skianlegget eller Tyssevegen opp til skytebana."

Det vart først røysta over Arild Røen sitt framlegg til vedtak. 9 medlemmer røysta for og 12 imot dette framlegget.

For Arild Røen sitt framlegg	Imot Arild Røen sitt framlegg
Arild Røen (H)	Knut Harald Frøland (Bl)
Brigt Olav Gåsdal (A)	Lena Tveit (Bl)
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)
Gunn Østvik Petersen (Ap)	Martin Haugen (Bl)
Jon Magne Bøgevik (Ap)	Solveig Vassenden (Bl)
Øyvind Strømmen (MDG)	Ove Totland (Bl)
Oskar Røen (MDG)	Øyvind Steinsland (Bl)
Øyvind Røen (Sp)	Oskar Konrad Kienitz (Bl)
Monica Tjønna (Sp)	Gunn Totland Moss (Krf)
	Linda Haug Kollbotn (Frp)
	Odd Arne Haga (Frp)
	Håvard Tvedterås (Frp)

Det vart så røysta over Knut Harald Frøland sitt framlegg. 13 røysta for og 8 imot dette framlegget.

For Knut Harald Frøland sitt framlegg	Imot Knut Harald Frøland sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Arild Røen (H)
Lena Tveit (Bl)	Brigt Olav Gåsdal (Ap)
Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Martin Haugen (Bl)	Gunn Østvik Petersen (Ap)
Solveig Vassenden (Bl)	Jon Magne Bøgevik (Ap)
Ove Totland (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Øyvind Steinsland (Bl)	Oskar Røen (MDG)
Oskar Konrad Kienitz (Bl)	Monica Tjønna (Sp)
Øyvind Røen (Sp)	
Gunn Totland Moss (Krf)	
Linda Haug Kollbotn (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Håvard Tvedterås (Frp)	

Det vart til slutt røysta over rådmannen sitt framlegg. Ingen røysta for dette framlegget.

Resultatet av røystinga vart dermed at framlegget til Knut Harald Frøland vart vedteke.

KS- 075/2019 Vedtak:

Samnanger kommune tek ikkje over driftsansvaret for Totrænavegen opp i skianlegget eller Tyssevegen opp til skytebana.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune tek ikkje over driftsansvaret for Totrænavegen opp i skianlegget eller Tyssevegen opp til skytebana. Dette er private vegar som bør nytte bompengar som inntekstspotensialet for å finansiera vegvedlikehaldet og dugnad.

Dokument som ikkje er vedlagt:

(slett denne teksten dersom du ikkje viser til dokument som ikkje er vedlagt)

Kva saka gjeld: Overføre driftsansvaret av vegen til skianlegget i Totræna og vegen til Tysse skytebane til Samnanger kommune.


Bakgrunn for saka: I kommunestyret den 24 oktober vart det vedteke å sende over til administrasjonen å få handsama ei vurdering av vegar til idrettsanlegg i samband med budsjett for 2020. For administrasjonen er dette svært kort tidsfrist, når administrasjonen har frist til 1. november for levera sine budsjettframlegg. Handsaminga vert difor ei kort utgreiing.

Interpellasjonen frå Arild Røen (H) lyder:

«Vegar idrettsanlegg Samnanger har eit rikt og mangfoldig kulturliv som vert drive av eldsjeler på dugnad. Alle lag/organisasjonar som driv desse aktivitetane har til dels store kostnader med drift og vedlikehald av vegane fram til anlegga. Samnanger Høgre ber om at i samband med arbeidet med budsjett for 2020 at vegane til Totræna og skytebana vert vurdert omgjort til kommunale vegar.»

Fakta:**Totrænavegen til skianlegget**

Vegen opp i Totræna er om lag på 2,8 km. Nedste del (600m) er kommunal veg, medan resten av vegen er privat. Øvste del på om lag 1 km er nyleg bygt av idrettslaget v/skigruppa.




Samnanger kommune tok på seg i 2018/19 å utbetre noko av den private vegen for i sikre trafikktryggleiken til ålmenta.

Kommunen gjev og eit årleg fast tilskot på 25.000 kroner til Samnanger idrettslag v/skigruppa for brøyting av den private delen av vegen opptil Totræna skianlegget. Tilskotet vert utbetalt over kulturbudsjettet. Det er relativt høg aktivitet i skianlegget på vinterstid, og brøyting er då ei

utfordring for laget å ta sjølv. Teknisk drift (TD) har utført brøytinga for denne summen, i samband med brøyting av den kommunale delen av vegen. Ettersom Nyutløtrævegen vart overført til TD no i sommar, må dei vurdere om dei kan halde fram med ordninga etter vintersesongen 2020. Tidlegare har tilskotet vorte betalt ut til privat entreprenør som bur i området og har gått av med pensjon. Idrettslaget får og andre kommunale tilskot gjennom kulturmidlar.

Tyssevegen – til skytebana



Vegen til Tysse skytebane er omlag 1,8 km frå hovudvegen og opp til bana. Første del av vegen, 900 meter, er felles med veg til Fossåsen (+1,8 km) og Førøyåsen (+3,8 km). Skyttarlaget har og trening i klubbhuset i Hagabotnane idrettspark. Samnanger kommune dekker utgiftene med bygget der. Så vidt vi kjenner til har ikkje kommune gjeve tilskot til drift av vegen til skytebana tidlegare. Vegane ligg i eit stort skogsområde der tømmerdrift er naturleg. Tysse skytterlag kan søkje om kulturmidlar.

Vedtak i interpellasjon den 3 juni 2019 i kommunestyret

KS-1 Vedtak: «Våren 2019 har ei tverrpoltisk gruppe hatt fleire møter for å drøfte mogelege nye løysingar for privatisering av vegar i Samnanger kommune. Drøftingane har foregått i ein god tone, noko som har ein verdi seg sjølv. Privatisering av vegar må sjåast i ein større samanheng og den viser at gevinsten Samnanger kommune oppnår med å privatisere vegar ikkje står i forhold til innsatsen. Det kostar mykje å gjennomføre, det skaper mykje støy blant innbyggjarane, innsparingane vil vera låge og me oppnår svært lite med tanke på rettferd. På dette grunnlaget blir sak med å privatisere vegar avslutta. Som del av avslutninga skal Nyutløtrævegen igjen vere kommunal veg og administrasjonen får i oppdrag å vurdere kritiske naudsynete tiltak på vegen. Dersom kommunen skal forsøkje å spare pengar på veghold bør ein vurdere om det for enkelte vegstrekningar er mogeleg å senke standard for vintervegholdet. Det bør og vurderast om private kan ta ein større del av vintervegholdet. Det bør i tillegg vurderast alternative løysingar til dagens praksis med leige av driftslokaler hos BKK på Frøland.»

Vurderingar og konsekvensar:

Teknisk drift har 530.000 kroner til drift av vegvedlikehald (salt, grus, fast dekke) på budsjettet i 2019. Dette skal dekke utgifter med 26 km kommunal veg. Det er eit stort etterslep på vegvedlikehaldet, og fleire viktige kommunale vegar har stått på vent i lang tid. Kommunen sin økonomi tilseier at vi må ta nødvendig vedlikehald over fleire år. Der vi kan oppgradere vegar i samband med VA-prosjekt, er det ein økonomisk fordel. Vi ser det som ei stor utfordring å få driftsansvaret for to nye vegar opp i utmarkområde. Desse utgjer om lag 4 km meir veg å fordele utgiftene på. Kommunen bør prioritera driftsansvar på hovudvegar/samlevegar og vegar i regulerte bustadområde. Vi bør ikkje ta på oss nye vegar når vi veit at budsjetta ikkje er tilstrekkeleg for å halde vegane våre på eit tilfredstilande nivå. Eit auke i vegbudsjett kan då måtte prioriterast framfor andre tenestetilbod.

Private vegar kan sette opp bompengefinansiering for sine brukarar, og søkje naturskadefondet for skade. Veglag er og eit alternativ for å fordele utgiftene på brukarane som bur eller har næring langs vegen. Både kommunen og skigruppa ønskjer å få til veglag for Totrænavegen. Det er heldt eit møte med grunneigarane utan resultat. Skigruppa har tatt nytt initiativ som vi bør følgje opp på nytt i løpet av vinteren.

I interpellasjonen vert arbeidet med privatisering og kommunalt tilskot til veg lagt ned. Det vert og peika på at vegsaker skaper mykje støy og uro blant innbyggjarane. Administrasjonen har i løpet av denne diskusjonen fått ein del innspel frå veigarar om urett for at nokon vegar skal få communal driftstilskot og nokon ikkje. Det vert difor viktig for både innbyggjarane og administrasjonen å få ro og få tatt ned desse spørsmåla.

Med bakgrunn i både økonomi og kva vegar kommunen bør ha driftsansvar for, tilrår vi å ikkje overføre driftsansvaret for desse to vegane til Samnanger kommune. Vi har forståing for at idrettslaga har mykje dugnad på vegane. Vi tilrår difor at laga nyttar den mogelegheita dei har og sett opp bom/kasse for brukar betaling. Dette er mykje brukt for å skaffe inntekt til vegvedlikehald og parkering, og prisen ålmenta og brukarar bør betala for å få køyre heilt opp og til «døra» i idrettsanlegga. I skianlegget kan «gamal parkeringsplass» nyttast for dei som ikkje ønskjer betale. For skytebana vil truleg «postkasse» betaling vera løysinga, i og med vegen går vidare til Føryøåsen.